

forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

## Referat frå fellesmøte Florø 16-17.november 2012


### Deltakarar:

Marino Ask	Sogn og Fjordane Turlag, AU leiar
Alvar Melvær	Sogn og Fjordane Turlag
Jørgen Bruheim	Sogn og Fjordane Turlag
Reidun Seim Solberg	NJFF, fylkessekretær
Bjarne Huseklepp	NJFF, AU
Lars Olav Rylandsholmen	Kystlaget Hornelen, AU
Ove Eliassen	Naturvernforbundet
Sigmund Flaten	Naturvernforbundet
Erik Solheim	Naturvernforbundet
Marit Vøien Nes	Naturvernforbundet, AU
Lin Hjelmeland Finjord	Naturvernforbundet, fylkessekretær
Joar Helgheim	Fylkeskommunen
Elisabeth Dahle	FNF

### Innleiarar, oppsummerarar:

Morten Dåsnes	Friluftsrådenes Landsforbund, leira
Joar Helgheim	Fylkeskommunen, rådgj. friluftsliv, vilt, fisk
Åsa Renman	SABIMA, koordinator vannforvaltning
Staffan Hjolmann	Prosjektleiar Nordfjord Vassområde
Alana Shanks, deltakar	Prosjektleiar Sunnfjord Vassområde
Ole Johannes Øvretveit	Journalist, komikar m.m.

FNF ved leiar i arbeidsutvalet Marino Ask og Elisabeth Dahle innleia til FNF fellesmøtet.



forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

## **Frivillige organisasjoners medvirkning i vannforvaltningen.**

Åsa Renman, Vannkoordinator SRN, FRIFO og SABIMA

Åsa tok føre seg korleis og kor tid organisasjonane kan delta i prosessane og slik vere med å påverke.

Korleis vassforvaltninga er organisert.

Vegen mot ein regional vassforvaltningsplan.

Kor er vi no, kva har skjedd og kva skal skje framover?

Tips om korleis sette vassmiljø på agendaen

EU sitt vassdirektiv er eit resultat av stort engasjement og arbeid frå miljøorganisasjonar i europa for elver, innsjøer og kystvatn. Engasjement nyttar og vi kan påverke!

Vassdirektivet krev og legg opp til medverknad. Vi kan vere med i nasjonal, regionale og lokale referansegrupper og/eller i temagrupper, samt ta direkte kontakt med ansvarleg i vassområda.

Følg med! Sjekk at deres interesser er ivaretekne og at problem dere har påpekt vert gjort noko med. Sett fokus på viktige tema. Skap offentleg debatt. Sprei informasjon om arbeidet i eige organisasjon. Vår kunnskap trengst! Som den «overvakning» vårt nærvær i naturen gjev. Kommunane er normalt meir opne for krav og forslag frå eigne innbyggjarar enn frå statlege myndigheiter. Så spill inn!

Tiltak for å nå miljømåla er basert på listen over vesentlege vassforvaltningsspørsmål og datagrunnlaget, og det utarbeidast no tiltak, sjå tiltakstabellane.

*Presentasjonen til Åsa vedlagt.*

Nyttige nettsider: [www.vannsidene.no](http://www.vannsidene.no), [www.vann-nett.no](http://www.vann-nett.no), [www.vannportalen.no](http://www.vannportalen.no)

## **Vassområde Nordfjorden, vassforvaltninga i eit av vassområda.**

Staffan Hjolmann, prosjektleiar for Nordfjord Vassområde

Staffan forklarte om vassforvaltninga i eit av vassområda, om vassførekomster, ulike typar overvakning; fysisk og kjemisk, el-fiske, kystvatn med strandsone og sjø, økologisk tilstand og definisjoner på ulik tilstand, fysiske endringer, SMVF sterkt modifiserte vassførekomster, industri, kloakk, fiskeoppdrett, flomlaup. Økologisk potensiale og kjemisk tilstand, to ulike indikatorar på korleis tilstanden i vassførekomster er. Lokale synfaringer er viktig for å gjere allmenn medverknad enklare og for å identifisere ulike påverknadsfaktorar.


Det vert no utarbeid tiltakstabellar i alle vassområda, der påverknad, framlegg til tiltak, kostnad, nytte i høve kostand og ansvar i høve styresmakt/tiltakshavar skal vere med.

Her vil det vere viktig å gå inn å sjekke aktuelle vassførekomster og lokalitetar ein kjenner til og kva som evt står som påverknad og framlegg til tiltak. Er dette godt nok, beste løysing etc.

Unntak finst, SMVF, utsette frister, mindre strenge miljømål, midlertidige endringer, ny aktivitet eller nye inngrep der samfunnsnyttan er større enn ulempene.

Plansyklus med revidering kvart sjette år. Utfordring at det ikkje vert sett av midlar til arbeidet, viktig at alle bidreg med å etterspørre meir midlar til arbeidet med vassforvaltninga.

*Presentasjonen til Staffan vedlagt.*



forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

## **Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017. Målsettinger, tiltak og handlingsprogram i høve organisasjonane sitt arbeid.**

*Rådgjever Joar Helgheim, FK*

Joar gjekk igjennom kvifor laga ein regional plan, visjonen for planen, gjennomgåande perspektiv, kven aktørane er som er knytt til fysisk aktivitet, mål og effektar, handlingsprogram og tiltak, kva bør vi ha fokus på framover.

Føremål å få utarbeida ein politikk som stimulerer til auka fysisk aktivitet hjå alle innbyggjarane og då særleg med fokus på barn og unge, samt å redusere sosiale skilnader i helse.

Resultatmåla vart sett opp i 13 konkrete punkt som vil vere naudsynete å nå for å dei effektane ein ynskjer på fysisk aktivitet.

Effektane vart delte inn i tre kategoriar; tilrettelegging, tilgang og kunnskap.

Ut i frå handlingsprogrammet og aktuelle tiltak innan tilrettelegging, tilgang og kunnskap vart organisasjonane utfordra til gruppearbeid om kva tiltak organisasjonane og FNF skal jobba i lag om i høve til oppfølging av Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Tre grupper diskuterte og prioriterte innan kvar sin kategori av tiltak.

### **Gruppe 1 Tilrettelegging – prioritering av tiltak**

Kva for 3 tiltak ynskjer de at organisasjonane og FNF skal jobbe saman om, for å nå planen sine mål og effektar knytt til tilrettelegging?

Mine tre prioriterte tiltak og de andre i gruppa sine prioriterte tiltak:

Sikre vidareføring av transportordning for skibuss til skianlegg

Det skal i snitt byggast 10 km med gang- og sykkelveggar kvart år

Merking og gradering av turløyper med utgangspunkt i sentrum  
500 meter til næraste turveg

Alle kan finna fram til merka turløyper i sitt nærområde inkl. ha de merka i kart

Ungdomssatsing, barn og unge spesielt viktige grupper


Merking og rydding av turløyper

Arbeidet med kommunale planar for fysisk aktivitet

Turleiarutdanning

Friluftsråd i alle regioner

Sjø- og kystaktivitet (roknappen, padling, dykking), barne- og ungdomsaktiviteter




forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

*Her er kva som kom fram etter arbeidsøktene på fellesmøtet i fjor*

***Kva treng fylkeskommunen FNF til:***

- synleggjere natur- og friluftslivsinteresser i samfunnet generelt (informasjonstiltak o.l.)*
- Formidle informasjon frå fylkeskommunen utover til organisasjonane (spesielt viktig i høve «små» organisasjonar)*
- Vere ein garantist for at natur- og friluftslivsinteresser vert omtalte og vurdert i relevante planar (regionalt og lokalt) – dokumentere aktivitet og påvise natur- og friluftslivsverdier.*
- Komme med samordna innspel, frå organisasjonane, om kva mål som bør gjelde for natur og friluftsliv*
- Vere ein pådrivar for å få gode prosessar lokalt og regionalt – for å sikre at natur- og friluftslivsinteressene blir spelt inn på eit tidleg stadium i relevante planarbeid*
- samordne prosjekt på fylkesnivå (oppfølging av planar og strategiar)*



forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

## Laurdag 16.november

### Friluftsråd. Korleis jobbar friluftsråda, -samarbeid med frivillige organisasjonar og med kommunane.

Morten Dåsnes, Friluftsrådenes Landsforbund FL

Morten innleia med informasjon om FL og kva deira hovudroller er.

Den auka betydningen av og den store uorganiserte aktiviteten gjer at det offentlege får eit stort ansvar. Dette ansvaret fell på kommunane og gjev argument for å samarbeide om desse oppgåvene i interkommunale friluftsråd.

Interkommunale friluftsråd skal fylle det rommet og dei oppgåvene som ligg mellom dei offentlege i kommunane og dei som frivillige organisasjonar driv.

FL kan vere eit kontaktledd som kan gjere livet lettare for organisasjonane utan at dei tek over deira oppgåver.

FL er underlagt kommunane og politisk leiing. De er såleis faglege organ og fungerer ut i frå det. De kan drive kartlegging og verdikartlegging av friluftslivsverdiar, bidra med fagleg kunnskap.

Sikring av områder, prioritering i forkant av evt utbyggingssaker. Vi treng dette, vi har få lite fagleg dokumentasjon og fagleg etterprøvbare prioriteringer.

Tydeleg rollefordeling, men FL likevel med i FNF. «Taktisk lurt med klar rollefordeling».

Frisklivssentraler, kommunale eller interkommunale med kompetanse.

Formelle rammer, statlege midlar til interkommunale FL ca. 9 mill totalt og i tillegg må kommunane bidre litt sjølv pr. innbyggjar.


Oppsummert kan friluftsråd bidra til: økt kapasitet og kompetanse til friluftsarbeidet i regionen, tilgang til nye tilskuddsmuligheter, bli en del av nettverket mellom friluftsrådene i landet, ta del i erfaringer og prosjekter i regi av andre friluftsråd, bedre samordning av friluftsarbeidet mellom kommunene i regionen; grenseløsing satsing og felles profilering, bedre samordning av friluftsarbeidet mellom kommunene og friluftsansjonane i regionen, støtte opp om arbeidet til friluftslivsorganisasjonene, styrke omdømmet til Sogn og Fjordane, økt trivsel og bedre folkehelse for folk i Sogn og Fjordane.

*Innlegget er vedlagt.*

### «Min kamp» - korleis han sjølv kom i gang og vart fysisk aktiv.

Ole Johannes Øvretveit, journalist og komikar, fortale levande og humoristisk om vendepunktet i eige vaksenliv og ein svært strukturert og målbevist kamp mot eit sprekare liv. Viljestyrke, hardt arbeid og god støtte førte fram til eit aktivt liv der friluftsliv no har ein stor rolle.

Mange er inaktive i dag og treng eit eller anna puff for å komme i gang. Skal vi trekke noe allment ut i frå historia til Ole Johannes, er det gjerne; erkjening, utfordring, oppmuntring og støtte, god fagleg kunnskap om trening og fysisk aktivitet. Aller viktigast er at det må vera lystbetont, ein må tilpassa måla slik at det vert kjekt å halde på.



forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

No strakk visst han det mykje lenger enn som så for ein periode, slik det høyrdest ut, men hard intervalltrening betalar seg jo i etterkant, om ein får oppleva det.

### **Kva skal til for å få fleire aktive ut i naturen?**

Ole Johannes Øvretveit

Verktøykassen:

Ole Johannes sette spørsmål ved kva verktøy vi har i kassen vår. Kva kan vi som gjer at det vert eit enkelt val for oss å ta oss ut i naturen. Om ikkje alle har lært å bruke og fått med seg dei rette verktøya heimafrå, vert spørsmålet: Kva har du lært på skulen? Kroppsøving i dag har ofte mykje preg av konkurranseidrett som t.d fotball. Denne har som mål å plukke ut dei beste medan resten vert ståande att. Friluftslivet er for alle, ikkje konkurranseprega og på eige nivå utifrå gjevne/eige føresetnader.

Morosamt:

Kvar må finne noko ein likar å drive med, helst noko som er reint ut morosamt. Da vert den fysiske aktiviteten eit positivt biprodukt av å ha det kjekt.

Fagplanen på skulen:

Alle bør kjenna godt 10 turar i sitt nærområde!

Læreplanen må endrast!

Lavterskeltilboda er det som tel når du skal komme i gang.

Bruk pengane på lavterskel-merking, desse må på plass først!

Vidare snakket han om den feite 40-åring, perioden i livet der ein lett prioriterar seg sjølv sist. Vår naturlege aktivitet, vi er skapt for å vere aktive, men lærar å verte passive både i skulen og i samfunnet elles. Mange er redde og engstelege, treng merka stiar, korte turmål og må oppleva trygghet før dei går vidare ut i naturen. Difor trengst det korte stiar med fine turmål som gjerne er nærme vegen.

Store grep trengst i skulen. Doble gymtimar der ein tek ungane med ut og lærer dei minst ein eller fleire turar i nærområdet.

Oppdrag: Vi må lære opp ein generasjon om ein verden der ute! Naturen.

Tips til filmar:


Wall I (animasjonsfilm)

Chengdu

### **Årsplan 2014**

Forslaget vart diskutert og godkjent med nokre tillegg/endringer.

Vedlagt



forum for  
natur og friluftsliv  
Sogn og fjordane

### **Strategiplan 2014**

Forslaget vart diskutert og godkjent med nokre tillegg/endingar.

Vedlagt

Det kom opp forslag om å utarbeide ein meir konkret plan for arbeidsoppgåver og måloppnåing for 2015. AU og koordinator sitt ansvar å utarbeide innan 2014.

### **4-årsplan 2014**

Denne kjem opp som sak på årsmøtet for revidering i høve aktuelle arbeidsfelt i perioden.

Forslag om tillegg til aktuelle saker.

Vedlagt

### **Budsjett 2014**

Budsjettforslag 2014 vart godkjent.

Vedlagt

Lunsj, og heimreise.

Elisabeth Dahle  
- referent -